

Med føresetnad om Stortingets budsjettvedtak kunngjer vi tilskott til lokale lyd- og bildemedium for 2021.

Tilskott til lokale lyd- og bildemedium 2021

Søknadsfrist er onsdag 25. november 2020.

Portalen «Min side» og søknadsskjema

Du søker om tilskott via portalen Min side som er Medietilsynets digitale sjølvbeteningside for søknadar og registreringar for deg som er medieaktør.

Om du ikkje allereie har ein [Min side-brukar](#) hos Medietilsynet, må du kontakte oss for å bli registrert. Send ein e-post til lokaletilskudd@medietilsynet.no med følgande informasjon:

- namn på selskap
- namn på kontaktperson som skal nyttast
- e-postadresse til kontaktperson

Husk å registrere deg som brukar på Min side i god tid og minst to dagar før søknadsfristen går ut. Søknadsfristen er onsdag 25. november 2020.

Før du søker via Min side, bør du ha følgande klart:

- konsesjons- eller registreringsnummer dersom du er kringkastar
- fullstendig prosjektframstilling
- budsjett og finansieringsplan
- rekneskap for 2019 (gjeld berre for lokalradioar for etniske og språklege minoritetsgrupper og nasjonale samanslutningar for lokale lyd- og bildemedium)
- Kopi av distribusjonsavtale med anleggskonsesjonær (gjeld berre lokalkringkastingskonsesjonærar og registrerte kringkastarar som søker driftstilskott til digitalisering)
- Eventuell kopi av Nkom si godkjenning av DAB-sendepunkt (gjeld berre for anleggskonsesjonærar for lokale og digitale kringkastingsnett)

Fullstendig prosjektframstilling, budsjett/finansieringsplan, eventuelt rekneskap for 2019 og annan dokumentasjon må du laste opp i det elektroniske søknadsskjemaet.

Forslag til endringar i forskrift om tilskott til lokale lyd- og bildemedium

Kulturdepartementet har kome med forslag til endringar i forskrift om tilskott til lokale lyd- og bildemedium.

Forslaget inneber at du no også kan søke om driftstilskott til digitalisering av lokalradio for å lette overgangen radioverksemdene har for å gå over til digitale sendingar. Både lokalradiokonsesjonærar, registrerte kringkastarar og anleggkonsesjonærar kan få driftstilskott til digitalisering. Driftstilskottet til digitalisering er teknologinøytralt.

Kulturdepartementet foreslår også å heve det årlege støttetaket til 1,5 millionar kroner per føretak.

Forslaget har vært til høyring i bransjen og er nå til vidare behandling i Kulturdepartementet. Ei ny forskrift for tildelinga av midlar til lokale lyd- og bildemedium vil venteleg gjelde for fordeling av tilskott i 2021.

Du kan lese meir om endringsforslaget på denne lenka: [Forslag til endringar om tilskott til lokale lyd- og bildemedium.](#)

Hovudmål for tilskottsordninga

Tilskottsordninga har som hovudformål å bidra til mediemangfald, yringsfridom og å styrke den demokratiske funksjonen til dei lokale lyd- og bildemedia i samfunnet.

Regjeringa har ei målsetting for denne tilskottsordninga at den skal bidra til digitaliseringa av lokalradio i Noreg, og derfor er om lag halvparten av midlane øyremerkte til dette formålet.

Programproduksjonar og utviklingsprosjekt som stimulerer til bruk av norsk musikk, vil bli prioriterte.

Behandling av søknader

Medietilsynet forvaltar tilskottsordninga, og det er Medietilsynet som gir vedtak om tilskott etter innstilling frå Fagutvalet for tilskott til lokale lyd- og bildemedium. Fagutvalet vurderer søknader basert på formålet til tilskottsordninga slik den er nedfelt i forskrift om tilskott til lokale lyd- og bildemedium og informasjon i denne rettleiinga. Rettleiinga skildrar kva for kriterium som vil bli lagt til grunn i behandlinga og innspel til kva søknaden skal innehalde for å bli prioritert.

Søknaden blir vurdert ut frå faglege og økonomiske kriterium og blir gitt som eit rundsumtilskott, fastsett etter ei skjønnsmessig vurdering av kva som er eit rimeleg bidrag frå staten. **Det blir stilt krav om minimum 20 prosent eigendel.**

Søknader som er mangelfulle og/eller manglar obligatoriske vedlegg, vil normalt bli avslått eller ikkje behandla. Medietilsynet får langt fleire søknader enn det er midlar til. Dette betyr at prosjekt som blir vurdert som gode, også kan få avslag eller få lågare støtte enn det er søkt om.

Søkarar som leverer fleire søknader innanfor same kategori, må prioritere søknadene tydeleg. Fagutvalet vil på sjølvstendig grunnlag prioritere dei ulike søknadene opp mot tildelingskriteria.

Du kan vente svar på søknaden i mars 2021.

Målgruppe

Lokalkringkastingskonsesjonærer og registrerte kringkastarar som hovudsakleg tilbyr innhald retta mot eit lokalt publikum, kan få tilskott. I tillegg er det ein søknadskategori for nasjonale samanslutningar for lokale lyd- og bildemedium og ein for anleggskonsesjonærer i digitale lokalradionett.

Støtteordninga omfattar *ikkje* reine audiovisuelle bestillingstenester og podkastar, det vil seie ei teneste som lyttar eller sjåar må hente opp og avgjer tidspunktet for å sjå eller høyre på. Det er likevel ingenting i vegen for at ein lokalkringkastingskonsesjonær eller ein registrert kringkastar som søker, i tillegg kan distribuere innhaldet sitt gjennom ei audiovisuell bestillingsteneste eller podkast.

Type tilskott

- 1) Tilskott til investering og drift for digitalisering av lokalradio
- 2) Driftstilskott til nasjonale samanslutningar for lokale lyd- og bildemedium
- 3) Driftstilskott til lokalradioar for etniske og språklege minoritetsgrupper
- 4) Prosjekttilskott til lokale programproduksjonar
- 5) Prosjekttilskott til kompetanseheevande tiltak
- 6) Prosjekttilskott til utviklingsprosjekt

1. Tilskott til digitalisering av lokalradio

a) Investeringstilskott til bygging av digitale radionett

Berre anleggskonsesjonærer for lokale og digitale kringkastingsnett kan søke om investeringstilskott i denne søknadskategorien. Anleggskonsesjonærer som tilbyr eller kan inngå langsiktige og forpliktande leigeavtalar, vil bli prioriterte.

Vi vil prioritere prosjekt som (uprioritert rekkefølge):

- inkluderer eit mangfald av lokalradioverksemder i regionen
- satsar på utbygging i område med avgrensa kommersielt utbyggingsgrunnlag
- satsar på samarbeid mellom anleggskonsesjonærer og lokale radiostasjonar
- har gode dekningsambisjonar og har konkrete og realistiske planar for gjennomføring

Anleggskonsesjonær som har konsesjon i fleire regionar, kan søke om investeringstilskott for kvar region. Det må gis ei prioritering mellom investeringssøknadene for dei ulike regionane.

Du som skal søke om investeringstilskott, skal legge ved:

- Prosjektskildring. Skildringa må gjere greie for det geografiske dekningsområdet for prosjektet og befolkningstal, innehalde ein konkret framdriftsplan for arbeidet og gi opplysningar om aktuelle radioverksemder som det vil bli samarbeidd med.
- Finansieringsplan/budsjett. Planen må konkret skildre kva for utgifter som det er budsjettert med og korleis desse utgiftene skal finansierast. Eigenfinansierte og/eller anna ekstern finansiering av prosjektet, må gå tydeleg fram av planen.
- Eventuell kopi av Nkom si godkjenning av DAB-sendepunkt

b) Driftstilskott til digitalisering av lokalradio

Lokalkringkastingskonsesjonærar, registrerte kringkastarar og anleggskonsesjonærar for lokale og digitale kringkastingsnett kan søke om driftstilskott i denne søknadskategorien.

Driftstilskottet til digitalisering skal vere teknologinøytralt. Det betyr at du kan søke om driftsstøtte til å dekke kostnader for sendingar på andre digitale flater enn DAB, for eksempel sendingar via Internett.

For lokalkringkastingskonsesjonærar og registrerte kringkastarar kan driftstilskottet blant anna nyttast til leigeforpliktingar / avtale om sending i eit digitalt lokalt radionett eller kostnader til leverandørar av nettradiotenesta.

For anleggskonsesjonærar vil typiske kostnader dekke drift, vedlikehald, innplassering i nettet og leigeutgifter til stasjonseigar.

Vi vil prioritere søknader som gjeld (uprioritert rekkefølge):

- radioverksemder med avgrensa sendetid eller der sendingane dekker eit område med svakt kommersielt driftsgrunnlag
- nisjeradioverksemder som sender i sløkkeområda for FM-sendingar
- radioverksemder som har gode og realistiske planer / prosjekt for samarbeid med anleggskonsesjonærar
- anleggskonsesjonærar som bidrar til eit lokalt mediemangfald gjennom forpliktande leigeavtalar for lokalradioverksemder i regionen.

Vi gjer merksam på at ein søker som har innhaldskonsesjon eller anleggskonsesjon i fleire DAB-regionar, kan søke om driftstilskott for kvar region. Søker du om driftsstøtte i fleire regionar, må du prioritere mellom søknadene for dei ulike regionane.

Du som skal søke om driftstilskott, skal legge ved:

- Rekneskap eller budsjett som viser driftsutgiftene til digitale sendingar eller for distribusjonsnett/anlegg for digitale sendingar, jf. ovanfor om dekning av driftsutgifter.
- Kopi av distribusjonsavtale med anleggskonsesjonær

2. Driftstilskott til nasjonale samanslutningar for lokale lyd- og bildemedium

Følgande generelle kriterium vil bli lagt vekt på ved behandling av søknader om tilskott:

- Tal på medlemmer
- Eigarmessig mangfald blant medlemmene
- Aktivitetsnivået til organisasjonen basert på budsjett og dokumenterte aktivitetar

Du som søker om driftstilskott skal legge ved:

- rekneskap for 2019 (ev. for 2020 om det er ferdig)
- budsjett for 2021
- fullstendig prosjektframstilling

3. Driftstilskott til lokalradioverksemder for etniske og språklege minoritetsgrupper

For å få driftstilskott til lokalradioverksemder er det eit vilkår at verksemda i all hovudsak rettar seg mot etnisk-språklege minoritetar. Kvalifiserte radioverksemder kan få eit minimumstilskott på 25 000 kroner. Tilskottet skal maksimalt utgjere 50 prosent av dei totale inntektene til verksemda basert på rekneskapen for i fjor. Du som søker om driftstilskott, skal legge ved:

- rekneskap for 2019 (ev. for 2020 om det er ferdig)
- budsjett for 2021

4. Prosjektilskott til lokale programproduksjonar

Berre lokalkringkastingskonsesjonærar og registrerte kringkastarar kan søke om tilskott til programproduksjonar. Programproduksjon som inngår som ein del av den løpande programverksemda, vil normalt ikkje inngå i denne tilskottsordninga. Med det meiner vi faste programpostar, nyheiter og liknande. Tilskott kan bli gitt til dokumentarar, seriar i ulike sjangrar, hørespel, underhaldning, konkurransar og liknande som er lokalt forankra. Ein programproduksjon kan maksimalt få 250 000 kroner per prosjekt per tilskottsår i denne søknadskategorien.

Nyskapande idéar, programproduksjonar som stimulerer til bruk av norsk musikk og program med publikumspotensial vil bli prioriterte.

Det vil bli lagt til grunn ei kvalitetsvurdering med basis i korleis søknaden skildrar produksjonen. Søkar skal derfor gjere greie for programproduksjonen sin sjanger, form og struktur, samarbeidspartnarar og mål for produksjonen, for å kvalifisere til støtte.

Grunngiving og formål med produksjonen

Gi ei kort grunngiving for målet til produksjonen, målgruppe og verdi for lyttarane/sjåarane til søker.

Sjangertilhøyrse

Kva sjanger har produksjonen? Dokumentar, journalistisk produksjon, drama, underhaldning eller fleire?

Programformat og -struktur

Gjer greie for dramaturgien / oppbygginga av programmet – gi ei skildring av eit typisk program, ev. legg ved pilot eller tidlegare produksjonar som følger same dramaturgi.

Programansvarleg/-e

Kven er programskapar, -leiar, journalistiske/redaksjonelle medarbeidarar (legg gjerne ved cv til den eller dei som er hovudansvarleg for produksjonen).

Del norsk musikk

Inneheld produksjonen musikk og i så fall kva er delen norsk musikk? Nyttast det innspelt musikk, eller er ny innspeling av musikk del av produksjonen?

Samarbeidspartnarar

List opp kjelder, fagpersonar, samarbeidspartnarar som bidrar i realiseringa av prosjektet. I søknadsbehandlinga blir søkarar prioriterte som har gjort innleiande førespurnader og foreløpige avtalar med deltakarar. List også opp ev. samproduksjon og finansiering frå andre finansieringskjelder enn tilskottsordninga

Plan for sending (tid og plattform/-er)

Plan for sending (tid og plattform/-er) Når skal produksjonen sendast, og på kva plattformer?

5. Prosjekttilskott til kompetansehevande tiltak

Berre lokalkringkastarar eller registrerte kringkastarar kan få tilskott til kompetansehevande tiltak. Målet er at det kompetansehevande tiltaket skal tilføre organisasjonen kvalitetsmessige forbetringar. Tilskott kan for eksempel gå til kurs, studiereiser og seminarverksemd. Det kan maksimalt bli gitt 100 000 kroner per prosjekt per tilskottsår i denne søknadskategorien.

Søknader om kvalitetsmessige forbetringar innan journalistikk, mediekompetanse, teknisk kompetanse og liknande vil bli prioriterte.

For søknader om kompetansehevande tiltak skal det ligge ved ei skildring av mål med tiltaket, ein plan for gjennomføring, kursansvarleg, aktuelle samarbeidspartnarar og dersom det ligg føre, eit program for kurset. I tillegg skal søker gjere greie for tal på deltakarar som vil ta del i tiltaket.

6. Prosjekttilskott til utviklingsprosjekt

Berre lokalkringkastingskonsesjonærar og registrerte kringkastarar kan søke om støtte til denne tilskottskategorien. Med utviklingsprosjekt meiner vi tiltak som stimulerer til aktivitet som aukar den programmessige kvaliteten og breidda. Dette inkluderer blant anna:

- organisasjonsutvikling
- utvikling av nye lokale programkonsept
- utvikling av nye redaksjonar
- ulike samarbeidstiltak – blant anna vil samarbeidsprosjekt mellom ulike stasjonar bli vurdert positivt

Eit prosjekt kan maksimalt få 100 000 kroner per tilskottsår i denne søknadskategorien, og prosjektet skal på sikt kunne bli drive uavhengig av støtte frå Medietilsynet.

Nyskapande idéar vil bli prioriterte, det same vil utviklingsprosjekt som stimulerer til bruk av norsk musikk.

For søknader om prosjekttilskott til utviklingsprosjekt skal søkar gjere greie for mål med prosjektet og korleis dette bidrar til å styrke kanalen (både organisatorisk, økonomisk og korleis det påverkar programtilbod og publikum). Dokumenter eventuelle samarbeidspartnarar, tekniske leverandørar, og beskriv deira rolle i prosjektet.

Tilskottstak og opplysningar om anna offentleg støtte

I forslaget til ny forskrift foreslår Kulturdepartementet å heve det generelle tilskottstaket i ordninga til 1,5 millionar kroner årleg per føretak og samtidig førehandsgodkjenne ordninga i EFTAs overvåkingsorgan (ESA). Det inneber at ordninga ikkje lenger skal bli behandla etter regelverket om bagatellmessig støtte der eit føretak maksimalt kan få 200 000 euro over en periode på tre rekneskapsår.

Det er ikkje avgjort når den nye ordninga vil tre i kraft. Alle som søkar om midlar for 2021 må derfor gi opplysningar om kor mykje verksemda har fått i støtte for åra 2018, 2019 og 2020 på søknadsskjemaet.

Ved tildeling av støtte for 2021 vil Medietilsynet om nødvendig innhente stadfesting om føretaket har fått anna bagatellmessig støtte for desse åra.